



Arkivnr: 2014/1388-4  
Saksbehandlar: Sigrid H Aardal

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Klagenemnda		27.01.2015
Fylkesutvalet		18.02.2015
Fylkestinget		10.03.2015

### Årsmelding for klagenemnda - 2014

#### Samandrag

Klagenemnda har handsama årsmeldinga for 2014 og saka vert lagt fram for fylkestinget til orientering.

#### Forslag til innstilling

Fylkestinget tek årsmelding for klagenemnda 2014 til orientering.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 02.01.2015****1. Innleiing.**

Klagenemnda legg her fram årsmeldinga for arbeidet i klagenemnda i 2014.

**Heimel for klagenemnda.**

Klagenemnda er oppretta av fylkestinget med heimel i forvaltningslova § 28, 2. ledd. Klagenemnda si kompetanse er tildelt gjennom reglement vedteke av fylkestinget i sak 37/95.

**Oppgåver.**

Klagenemnda har til oppgåve å handsame klager på enkeltvedtak fatta av fylkeskommunalt organ, med unntak av fylkestingsvedtak. Kommunaldepartementet er klageorgan over enkeltvedtak fatta av fylkestinget. Enkeltvedtak er vedtak som generelt eller konkret er avgjerande for rettar og pliktar til ein eller fleire personar.

**Kompetanse.**

Klagenemnda kan prøve alle sider av det vedtaket som det er klaga over, rettslege spørsmål, sakshandsaminga og forvaltningsskjønnet. Ein skal og ta omsyn til nye omstende og tilhøve som ikkje vart vurdert i samband med førsteinstansen si handsaming.

Klagenemnda handsamar mellom anna klager over vedtak etter veglova der fylkeskommunen er klageinstans. Det følgjer av at regionvegsjefen høyrer inn under fylkeskommunen i saker som gjeld fylkesvegar. I praksis inneber dette at klagenemnda gjennom åra handsamar ein del klager over vegsjefen sine vedtak i saker som til dømes gjeld avkjørsler frå fylkesvegane og likeeins klager på vegsjefen sine vedtak om dispensasjon frå byggegrense etter veglova.

**Sakshandsaming.**

Handsaminga i klagesaker følgjer forvaltningslova sine reglar om sakshandsaming. Den instansen som har fatta vedtaket skal handsame klaga som førsteinstans og kan ta klagen til følgje eller ikkje, avvise klaga eller omgjere vedtaket. Dersom førsteinstansen ikkje tek klagen til følgje går klaga vidare til klagenemnda.

**Overprøving.**

Klagenemnda sine vedtak kan ikkje overprøvast forvaltningsrettsleg, men etter vanlege prinsipp i norsk rett kan vedtak i klagenemnda og vedtak av departementet overprøvast i rettsapparatet.

**2. Samansetjing****Valbolken 2011 – 2015**Medlemer

1. Stig Morten Frøiland (A) (FL)
2. Morten Myksvoll (Frp)
3. Cathrine Schjelderup (H)
4. Torunn Hovland Ljone (SV) (FL)
5. Grete Kvilvang (V)

Leiar: Grete Kvilvang frå 11.12.2012

Nestleiar: Morten Myksvoll

Varamedlemer

Jostein Ljones (Sp) (FL)  
 Marit Austnes (A) (FL)  
 Dag Rune Mo (A) (FL)  
 Liv Edel Mikkelsen (A) (FL)  
 Elisabeth Eide Tharaldsen (Frp)  
 Ellinor Kreybu (Frp)  
 Laila Reiertsen (Frp)  
 Lisbeth Lunde Axelsen (H)  
 Arne H Havnerås (H)  
 Haakon A Sundve Thuestad (H)  
 Bjørn Magne Hufthammer (V)  
 Torstein Gunnarson (V)  
 Gro Gjelsvik (V)

**3. Klagenemnda sine saker i 2014**

<b>Saknr.</b>	<b>Arkivsak</b>	<b>Saktittel</b>		
<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>		<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 5/14	Klage på avslag på søknad om dispensasjon frå byggegrense ved Våga i Sveio kommune		2014/1144	
PS 6/14	Klage på førehandstilsagn for utbetring av avkjørsle til Fv 158 på Lepsøy i Os kommune		2014/1557	
PS 7/14	Årsmelding for klagenemnda - 2013		2014/1388	
PS 8/14	Klage - Tilbakekalling av drosjeløyve		2014/1036	X
PS 9/14	Klager - Transportordninga for funksjonshemma		2014/322	X
PS 14/14	Klage på avslag om ny avkjørsle og dispensasjon frå byggegrense til Fv 40 på Baugstranda i Matre i Kvinnherad		2014/223	
PS 15/14	Klage på førehandstilsagn med krav om utbetring / stenging av eksisterande avkjørsel		2014/10280	
PS 16/14	Klager - Transportordninga for funksjonshemma		2014/322	X
PS 17/14	Klage - Ikkje godkjent oppmelding til fagprøve i Barne- og ungdomsareidarfaget		2014/10302	X
PS 18/14	Klagesak Avslag på søknad om dispensasjon frå løyveplikt ved persontransport		2014/11528	
PS 22/14	Klagesak - Klage på vedtak om heving av lærekontrakt		2014/313	X
PS 23/14	Klager - Transportordninga for funksjonshemma		2014/322	X
PS 24/14	Klager- Transportordninga for funksjonshemma		2014/322	X
PS 25/14	Klagesak - Klage på avslag på søknad om drosjeløyve i Bergen køyreområde vår 2014		2014/1036	X
PS 30/14	Klage på avslag om søknad om graveløyve i Fv 264, Vetrilidsalmenningen, for reparasjon av brot på avløpsleidning		2014/16565	

PS 31/14	Klage på avslag om støtte - Raff designuke 2014. Handlingsprogram for næringsutvikling 2014	2014/12606	
PS 32/14	Klager Transportordninga for funksjonshemma	2014/18168	X
PS 33/14	Klage på tilbakekalling av drosjeløyve	2014/10433	X
PS 34/14	Klage på tilbakekalling av drosjeløyve	2014/10433	X
PS 35/14	Klage på tilbakekalling av drosjeløyve	2014/10433	X
PS 36/14	Klage på tilbakekalling av drosjeløyve	2014/10433	X
PS 37/14	Klage på tilbakekalling av drosjeløyve	2014/10433	X
PS 38/14	Klage på tilbakekalling av drosjeløyve	2014/10433	X
PS 39/14	Klage på tilbakekalling av drosjeløyve	2014/10433	X
PS 40/14	Klage på tilbakekalling av drosjeløyve	2014/10433	X
PS 41/14	Klager - transportordninga for funksjonshemma	2014/18168	X
PS 42/14	Klage - Søknad om forhøga brukarkvote. Transportordninga for funksjonshemma	2014/18168	X
PS 47/14	Klagesak - Klage på ikkje godkjent oppmelding til fagprøve i industrimalerfaget.	2014/19414	X
PS 48/14	Klage på inntak	2014/22249	X
PS 49/14	Klage på inntak	2014/22249	X
PS 50/14	Klager på inntak	2014/22249	X
PS 51/14	Klager - Transportordninga for funksjonshemma	2014/18168	X
PS 52/14	Klage - Transportordninga for funksjonshemma	2014/18168	X
PS 53/14	Ymse		
PS 57/14	Klage på avslag om søknad om ny avkjørsle og disepensasjon frå byggegrense til Fv 63 på Toftevåg på Halsnøy i Kvinnherad kommune	2014/23359	
PS 58/14	Klage på avslag om søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå Solstadvegen til Fv 47 i Sveio i Sveio kommune	2014/23795	
PS 59/14	Klager - Transportordninga for funksjonshemma	2014/18168	X

#### 4. Samandrag.

Klagenemnda har hatt 6 møter. Klagenemnda har handsama 63 klager fordelt på 36 saksnummer. Årsaka til at det er større tal klager enn saker er at fleire klager er handsama i ei sak. Dette gjeld i hovudsak klager i samband med transportordninga for funksjonshemma. I tillegg kjem behandlinga av årsmeldinga, slik at totalmengde saker er 64.

Klagene fordeler seg på ulike sektorar, som er samferdsle ( transportordning for funksjonshemma og løyve), opplæring ( skule og fagopplæring), tilskotssaker og saker knytt til vegsektoren (avkjørslesaker og dispensasjon frå byggegrense). Hovudtyngda av saker gjeld transportordninga for funksjonshemma.

Talet på klager er omlag på same nivå som i 2013 (69).

### 5. Kort om dei ulike saksområda som klagenes fell inn under.

Område	Tal klager 2014 (2013)	Klage teke til følge
Transportordninga for funksjonshemma. <ul style="list-style-type: none"> <li>Avslag søknader om TT-kort.</li> <li>Søknad om høgare brukarkvote på TT-kort.</li> </ul>	37 (36) 1	4 1 sendt i retur.
Opplæring Avgjerd om inntak	3 (6)	3
Heving av lærekontrakt	1(0)	
Ikkje godkjent oppmelding til fagprøve / manglande praksis	2(6)	0
Dispensasjon frå løyveplikt	1(0)	0
Inndraging av drosjeløyve	9(1)	0
Søknad om drosjeløyve.	1(0)	0
Klager vedkommande saker frå vegkontoret <ul style="list-style-type: none"> <li>Dispensasjon byggegrense</li> <li>Avkøyrse</li> <li>Graveløyve</li> </ul>	1(4) 5(7) 1(0)	0 0 1
Tilskotssaker <ul style="list-style-type: none"> <li>Næringsretta midlar</li> </ul>	1 (2)	0

#### 5.1. Samferdsel

##### a. Transportordninga for funksjonshemma.

Talet på klager som er behandla av klagenemnda i 2014 er om lag likt som i 2013.

Innan dette feltet er det klare retningsliner om kva som skal til for å koma med i ordninga. Det går på om ein er i stand ( ut frå ei medisinsk vurdering) til å nytta offentleg transportmiddel eller ikkje ut frå at ein vert å rekna som "grovt forflytningshemma."

Saksgangen i desse klagesakene er at søknaden og legeerklæring, samt klaga vert oversendt 3 legar ( som er med i ei legenemnd på 6 stykk, 5 legar + ein psykiater). Desse 3 legane vurderer eigenerklæring(søknad), legeerklæring frå søkjaren sin lege og klaga, samt det som elles er dokumentasjon i saka. Legane vurderer ut frå det medisinske om søkjaren er sterkt nok rørslehemma til å tilfredstillast krava som er nedfelt i retningslinjene for ordninga. Legane kjem med ei tilråding i saka. Finn desse legane at vedkommande etter ei medisinsk vurdering ikkje tilfredstiller krava til å koma med i ordninga er det svært mykje som skal til før klagenemnda etter ei totalvurdering av saka finn at søkjaren kan godkjennast som brukar. I dei tilfella det vert klaga og det er nye og endra opplysningar i saka, vert vedtaket i dei fleste tilfella omgjort av underinstansen ( fylkesdirektør samferdsel). Saka vert då ikkje lagt fram for klagenemnda. Dette er grunnen til at det er få saker som vert omgjort av klagenemnda.

Hovudregelen er at godkjenning vert gjeve for 4 år, eller midlertidig for 2 år. Når godkjenningsperioden er over må det søkjast på nytt.

37 klager har vore til behandling i klagenemnda i 2014. Av desse vart 4 klager tekne til følgje, og ei sak vart sendt i retur for medisinsk vurdering.

Pr. 31.12.2014 var det 13.476 TT-brukarar i Hordaland, og det var omlag behandla 3700 søknader om godkjenning som brukar til transportordninga i 2014. Fylkesdirektør samferdsel har som underinstans omgjort ein del av avslaga, og godkjent søkjarane som brukarar av ordninga, som følgje av nye opplysningar og betre dokumentasjon i klaga. Av dei som har fått avslag er det 37 klager som er oversendt klagenemnda. Sett i høve til totalmengde søknader er det eit lite tal av søknadane det vert klaga på. Dei som går vidare til behandling i klagenemnda er i hovudsak saker der det ut frå innsendt dokumentasjon ikkje ligg føre opplysningar som tilfredsstillar dei strenge krava som må liggja føre i høve nedsett mobilitet. Saker der klagenemnda har omgjort vedtaket og teke klaga til følgje er i saker der det frå legemnda har vorte gjeve uttrykk for tvil.

Eit moment som kan vera medverkande til at det er ein liten del av avslaga som vert klaga på, er at mange søker på nytt i staden for å klaga. Det er ikkje noko grense for kor ofte og kor mange gangar ein kan søkja. Har søkjaren sin situasjon i høve vilkåra for å koma med i ordninga endra seg, eller søkjaren finn å leggja fram ny dokumentasjon vert det sendt ny søknad i staden for å klaga på tidlegare avslag.

## **b. Løyver**

Når det gjeld saker knytt til løyver var det i 2014 elleve saker. Ni saker gjaldt inndraging av drosjeløyve. Dette er eit høgare tal enn det har vore tidlegare år. Grunnen til dette er at ein har hatt ein gjennomgang av korleis plikter knytt løyva vert utført og gjort av løyveinnehavaren. Ved denne gjennomgangen fann ein at det var fleire som ikkje dreiv slik regelverket krev. Dette medførte fleire saker om inndraging av drosjeløyver og dei fleste av desse sakene vart klaga på.

## **5.2. Vegsektoren.**

I 2014 har dei sakene vore relatert til søknad om ny avkøyrsløse eller utviding av bruken av avkøyrsløse og dispensasjon frå byggjegrænse, i tillegg har det vore ei sak som gjaldt graveløyve i fylkesveg i samband med brot på leidningsnett. Talet på saker som vedkjem vegsektoren har vore om lag det same dei siste åra.

## **5.3. Opplæring / Fagopplæring.**

Saker som har vore til behandling i klagenemnda som gjeld fagopplæring er: ikkje-godkjent oppmelding til fagprøve/sveineprøve p.g.a. manglande praksis og heving av lærekontrakt.

I 2014 har talet på desse sakene vore lavare enn tidlegare.

Saker relatert til skule har vore i høve avslag på inntak til spesielt utdanningsløp.

## **5.4 Tilskotssaker**

Det har vore ei sak knytt til klage på tilskot til næringsretta midlar som gjaldt Handlingsprogram for næringsutvikling 2014.

## **6. Saksgang / Saksbehandlingstid**

### **6.1. Saksgang**

Det er enkeltvedtak det kan klagast på. Når vedtaksinstansen får inn klage på eit enkeltvedtak må den som underinstans sjølv først behandla klaga. Underinstans skal gjere dei undersøkingar som er naudsynt for at

saka og det klaga grunnar seg i er så godt opplyst som mogeleg. Underinstans gjer vedtak i saka. Vedtaket kan vera å fasthalda sitt eige vedtak ( avslå klaga), oppheva vedtaket eller endra det (gjera nytt vedtak). Dersom underinstans opprettheld sitt vedtak skal saka sendast klagenemnda for endeleg avgjerd.

Klagesaka vert så behandla og førebudd og fylkesrådmannen legg fram sak for klagenemnda. Klagenemnda sitt vedtak er endeleg og kan ikkje klagast på.

## **6.2. Saksbehandlingstid**

Når det gjeld saksbehandlingstida for klagesakene, kan denne delast i to.

### 1. Tida frå klagen vert motteken av underinstans til den vert oversendt klagenemnda sitt sekretariat for saksførebuing.

Underinstans skal gjere dei undersøkingar som er naudsynt for at saka og klaga skal vera så godt opplyst som mogeleg. I nokre saker kan dette ta noko tid. Av dei sakene som har vore behandla av klagenemnda i 2014 ligg saksbehandlingstida hos underinstans gjennomsnittleg på ca. 3 månader.

### 2. Tida frå klagesaka vert motteken til behandling og til klagenemnda behandlar saka og fattar vedtak.

Klagesaker som vert sendt over til klagenemnda vert behandla i første møte klagenemnda har etter at dei er mottekne av klagenemnda sitt sekretariatet. Saksbehandlingstida er vanlegvis ikkje lenger enn tidsintervallet mellom nemnda sine fastsette møter. Dette er vanlegvis ca. 2 månader. Dersom det er saker som hastar eller det er stor mengde saker vert det innkalla til ekstramøte.

Unntaksvis kan det vera saker som tek lenger tid enn gjennomsnittet. Dette grunnar seg i at sakene er av slik karakter at det tek tid å få fram all fakta og å setja seg inn i det rettslege grunnlaget. Dette gjeld stort sett komplekse og store saker.